



**MØTEBOK**  
**HARDANGER UNGDOMSRÅD**  
Torsdag 31.01.2019  
Hardanger Produksjonsskule, Ulvik  
10.00 – 14.00

**Til stades:**

Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Elias Selvik Undal
Kvam herad:	Ungdomsrådsmedlem Håvard Botnen
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelv Tveit
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsmedlem Theodor Stavanes
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen

**Ikkje tilstades**

Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Tiril Eiken
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Vincent Gabriel Kollbotn
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Elin Sneeggen

**Andre:**

Kvam herad	Kari W. Vik
Granvin herad	Eivind L. Djønne
Ulvik herd	Knut-Erik Gissel
Hardangerrådet	Trude Læg Reid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**HU-sak 01/19                      Konstituering**

**Vedtak:**

Bjørk Thorbjørnsen er vald til leiar for Hardanger Ungdomsråd i 2019  
Marte Kristoffersen er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2019

Rådet gjekk gjennom vedtektene.

Konklusjon: Det er umogleg å nå frist for konstituering av Hardanger ungdomsråd til 1. oktober.  
Rådet vil endra dato. Det er meir hensiktsmessig å ha ein oppnåeleg frist.

**Vedtak:**

Rådet vil endra frist for konstituering til 1. november kvart år.

**HU-sak 02/19                      Saker melde inn ved møtestart**

Diskusjonar gjennom møtet. Referert til samla i HU-sak 06/19

**HU-sak 03/19                      HU på Stortinget - korleis gjekk det?**

Dei som var på Stortinget fortalde dei andre om kva dei hadde gjort og opplevinga av å vera der. Det gjekk veldig bra og politikarane var interessert og spurde spørsmål. Dei vart høyrde på, men det er særst viktig for ungdomane at dei vert tekne på alvor.

HU ber alle ungdomsråda i Hardanger diskutera kva ein vil med Ambulansesaka vidare.

Kva vil ein oppnå? Kva vert ein fornøgd med?

## **HU-sak 04/19                      Hardanger Ungdomsting 2019 - innhald**

Dette vart bestemt:

- ★ Dato: skal avklarast snarast, men må byta pga av at fredagar er fagdagar for vgs.
- ★ Stad: Rådhuset i Kvam
- ★ Tema: Forslag til tema vart drøfta og ein var enige om at psykisk helse skal vera den raude tråden. Tinget skal belysa ulike sider, både utfordringar og løysingar.
  - Utfordringar
    - Psykisk helse og stress
    - Psykisk helse og utanforskap
    - Psykisk helse og rus
    - Psykisk helse og digital mobbing
  - Kva kan gjera?
    - Meistring er viktig
    - Korleis verta sterkare mentalt
    - Motivasjon
    - Kreativitet
- ★ Møteleiar: Spør Svein Olav Langaker som møteleiar med debattkurs.
- ★ Bli kjent leikar: HU organiserar sjølve. Vil ha påstandsleiken mmm
- ★ Inspirasjon: Marte undersøker med fagmiljø på Voss, Forandringsfabrikken, Hjeltnes
- ★ Invitasjon til andre ungdomsråd: Me inviterar Voss og Samnanger som i 2018
- ★ Program: Forslag til program klart til neste HU 21.02.2019 ,men dette skal vera med
  - Tilbakemelding om Ambulansesaka
  - Diskutera eit større arrangement om psykisk helse - er det interessant? føredrag ?

## **HU-sak 05/19                      Samarbeid med andre regionale ungdomsråd**

Det er flott at me har fått kontakt med andre regionale ungdomsråd, men sidan det ikkje er så mange slike, vil HU at me kontaktar alle kommunale ungdomsråd i nye Vestland fylke for å diskutera Ambulansesaka med dei som er interesserte.

Sekretær sender ut brev til ungdomsråda med informasjon om ambulansesaka og kva me arbeider for.

## **HU-sak 06/19                      Gjennomgang saker melde ved møtestart og under møtet.**

### **➤ Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2019**

Nesten alle ungdomsråda i Hardanger har meldt seg på og treffest der. Det er bra!

HU vil senda innspel til sekretariatet for UFU og be dei drøfta ambulansesituasjonen for distriktet i Hordaland fylke.

### **➤ Dialogmøter for nye Vestland fylke.**

Det skal vera dialogmøter om Vestland fylke framover. Dette er opne møter.

Mandag 4.2.2019 i Bergen - der stiller Kvam herad også med ungdomsrådet.

Tysdag 6.2.2019 på Voss - der stiller Hardangerrådet og Hardanger ungdomsråd med leiar og nestleiar.

### **➤ Lovpålagt ungdomsråd i ny kommunelov.**

No har regjeringen open høyring om kva reglar som skal gjelda for ungdomsråd i ny

kommunelov. F. eks er det forslag om øvre aldersgrense til 18 år. [Meir info på Regjeringen.no](http://Meir.info.på.Regjeringen.no).

### **Vedtak:**

Kvam ungdomsråd skriv forslag til uttale, som skal godkjennast av alle ungdomsråda før utsendt som felles uttale frå Hardanger Ungdomsråd.

➤ **Undersøking om rus og psykisk helse i Kvam**

Kvam ungdomsråd lagar og skal gjennomføra ei anonym spørjeundersøking på google. Den vil dei dela med alle kommunane. Kvam sender informasjon til sekretariat som sender vidare til alle.

Kvam arbeider mykje med dette temaet og no har dei eit prosjekt med denne tittelen:  
"Letta på trykket når det er press frå alle kantar"

➤ **Diskusjon om større arrangement med tema Psykisk helse blandt ungdom.**

HU vil arbeida for eit større arrangement med dette hovudtemaet og få gode og kjende føredragshaldarar til Hardanger. Kan ein slik dag arrangeras i forbindelse med verdsdagen for psykisk helse i oktober.

**HU-sak 07/19**

**Informasjon om arbeid frå den einsskilde  
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

**EIDFJORD**

Planlegg tur til Oslo med bland anna Stortinget og kommunespelet.

Dei arbeider med korleis gjennomføra val i rådet, og skal skriva uttale om dei vil endra valmetode.

Leiar i Eidfjord ungdomsråd er med i ei arbeidsgruppe for ny energi- og klimaplan for Eidfjord kommune.

**KVAM**

Budsjettarbeid. Fekk heradstyret til å investera 50.000,- til mobilhotell på alle skulane i Kvam Arbeider med spørjeundersøking om rus og psykisk helse, med meir.

**ULVIK**

Skal arranger LAN.

Arbeidd med budsjett.

Ungdomsklubben er nesten ferdig, og vert snart offisielt opna. Men dei har hatt nokre arrangement der allereie.

**INSPIRASJON**

Håkon Gjerde er leiar for Hardanger Produksjonsskule, som er på Hjeltnes i Ulvik. Han informerte om denne nye skulen, som fekk sine fyrste elevar november 2018. Dette er eit tilbod til vgs elevar som sluttar på skule av ulike årsakar. Tilbodet er å få vera der og gjera andre ting i inntil eit år. Dette er den andre produksjonsskulen i Hordaland og Norge, og det er berre på Hjeltnes dei har internat. [Les meir om produksjonsskulen her](#)

Med på føredraget var også Helse Sjukepleiar i Ulvik( nytt kjønnsnøytralt navn)

- Det er no lovbestemt at alle kommunar skal ha psykolog frå 1.1.2020. Det er bra!
- Ho skryt av HU som har arbeidd for helsesøster i skulen. Dei har vore med å sett fokus på denne tenesta og bidrege til at det er tilsett fleire.
- Spørsmål frå Hu om kvifor dei må betala lege frå 16 år, medan dei fleste ting føl myndighetsalder på 18 år( tannlege, buss, Nsb og stemmerett). Fordi ein er helsemessig myndig frå 16 år. Er dette noko HU skal ta opp?
- Psykisk helse er generelt utfordrande for alle ungdommar. Helse Sjukepleiarane har no meir fokus på det, og så er det viktig at skulane også arbeider med det.
- Alt fokus på psykisk helse har gjort det lettare å prata om og gjort terskelen lågare

Referat: Trude Lægreid Rinaldo